

Vil du delta i forskingsprosjektet

” Læring med kroppen ”?

Dette er eit spørsmål om deltaking i eit forskingsprosjekt, der føremålet er å høyre korleis du opplever og erfarer «læring med kroppen». I skrivet gjev eg deg informasjon om formålet med prosjektet og kva deltaking vil innebære for deg.

Føremål

I samband med lektorutdanninga, skriv eg masteroppgåve i kroppsøving. Eg vil sjå nærare på korleis elevar i ungdomskulen forstår det å «lære med kroppen». Gjennom eit undervisningsforløp i kroppsøvingfaget, der eg er ansvarleg lærar, ynskjer eg å medverke til medvit om kva bevegelsesglede tyder for den enkelte elev. For deg er det ei fin anledning til å få kjennskap og forståing kring læring med kroppen. Kanskje vil deltaking i studien føre til at du opplever bevegelse på nye måtar?

For dykk som er nærare interessert spring forskingsspørsmålet ut frå teorien Physical Literacy (Whitehead, 2010). I vårt moderne samfunn får ulike livsstilssjukdommar og helsefremmande arbeid stor merksemd. Det å trene for ein fysisk sterk og sunn kropp, går ofte på kostnaden av sjølve gleda ved å vere i bevegelse. Gjennom å sjå og forstå kroppen som heilskap, hevdar Whitehead (2010) at bevegelse, leik og fysisk aktivitet har eit stort menneskeleg potensial. Omgrepet Physical Literacy er i dag svært utbreidd i ei rekkje land.

Universitet i Sør-Aust Noreg er ansvarleg for prosjektet. Eg skal berre nytte funn frå forskingsprosjektet i denne masteroppgåva og ikkje til andre føremål.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Skulen din er valt grunna geografisk område. Du vil få spørsmål om å deltaking fordi du går på ungdomstrinnet og har faget kroppsøving.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneberer det at du tar del i fem undervisningsøkter i kroppsøving (til same tid du har faget). Timane vil vera i fleirbrukshallen og utandørs. Du vil få fridom til å utforske og vera kreativ i bevegelse, og øve ut frå eigne føresetnader. Det er ingen krav til prestasjon eller kompetanse. Avslutningsvis vil eg gjera eit fokusgruppeintervju, der du og medelevar samtalar kring undervisningsforløpet. Alt skjer i skuletid. Om du eller føresette ynskjer, kan dykk få undervisningsopplegg og intervjuguiden på førehand.

Eg vil berre registrere tal på deltakare, kjønn og alder. Ut over dette vil eg ikkje gå nærar inn på personopplysningar.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan grunn. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg. Dersom du ikkje ynskjer å delta i prosjektet, vil undervisninga i kroppsøvingfaget gå som normalt. Deltaking i studien vil ikkje påverke vurdering i faget.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysningane dine

Eg vil berre bruke opplysingar om deg til formålet eg har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er eg og min rettleiar som vil ha tilgang på materiale. Opplysningane vert anonymiserte og namna dykkars erstatta med kjønn og alder. Datamateriale vert lagra på underteikna sin pc fram til prosjektet er avslutta 1. juni 2023. Ein vil ikkje kunne identifisere deltakarene i publikasjonen.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Universitet i Sør-Aust Noreg har Personverntenesta vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

Prosjektansvarleg: Ingvild Vestenfor

Mail: ingvildvestenfor@gmail.com

Tlf: 90295709

Rettleiar: Lise Kjønneksen

Mail: Lise.Kjonneksen@usn.no

Med venleg helsing

Ingvild Vestenfor (Forskar og prosjektansvarleg).

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om studien «*Læring med kroppen*» og har fått høve til å stille spørsmål.

Eg/Me samtykker til _____ å delta i studien.
Namn på eleven

Eg/Me samtykker ikkje til _____ å delta i studien.
Namn på eleven

Underskrift føresette:

Sted/ Dato

(Signert av prosjektdeltakar, dato)